

Fylkesmannen i Hordaland
Kaitg. 9
5015 Bergen

Bergen, 30.5.2013

Ang. søknad om utvidelse av eksisterende utslippstillatelse fra BIR Avfallsenergi.

Referansenummer 2013/5684.

BIR Avfallsenergi AS søker om å brenna inntil 20 000 tonn avfall frå bygge- og anleggsbransjen med innhald av bromerte flammehemmarar (BHF), ftalater, klorparafinhaldige isolerglasruter, CCA- og kreosotimpregnering.

Søkar opplyser at dei ”ikke forventer utslipp som overskrider krav i gjeldende tillatelse”. Med tanke på denne samlinga av til dels svært helsefarlege stoff, som er lista opp i oversynet, verkar det lite truverdig å berre seia at søkar ikkje forventar helseskadelege utslepp.

Rapporten ”Forsvarlig behandling av enkelte typer farlig avfall”¹ konkluderer med at dei nemnte kjemikaliane delvis må karakteriserast som spesialavfall, som skal forbrennast i særlege destruksjonsanlegg, og at det er lite å byggja på når det gjeld kunnskap om graden av helseskade. Dersom det blir brent i vanleg avfallsforbrenningsanlegg som det i Rådalen, er det stor sjanse for at det vil omdannast til helseskadelege og kreftframkallande stoff som til dømes klorhaldige dioksinar og arsen (kreosot) som er giftig i svært små konsentrasjonar. Vi minner om at både vest og nord for anlegget er det tette boligfelt der det bur småbarnsfamiliar, og ein barneskule (Skeie skole), i ein avstand på mindre enn ein kilometer.

Dersom Rådalen skal kunna nyttast til destruering av farleg avfall, må ein stilla krav om god sortering, ny teknologi med godkjent dioksirensanlegg og optimale forbrenningsforhold. Dette har ikkje det eksisterande forbrenningsanlegget.

Naturvernforbundet Hordaland ber difor Fylkesmannen i Hordaland om å avslå søknaden. Subsidiært å stilla som vilkår om at det blir gjennomført eit pilotprosjekt med ny teknologi som oppfyller nemnte krav til destruksjonsanlegg.

Med helsing
for Naturvernforbundet Hordaland

Signe Sandberg
Leiar

Oddvar Skre
Saksbehandlar

¹ <http://www.klif.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner/2012/November/Forsvarlig-behandling-av-enkelte-typer-farlig-avfall/>